



Politiet rosar både publikum og arrangørane etter Festidalen.

Politiet var til stades på Festidalen både fredag og laurdag kveld. Dei uttalar i dag til Kvinnheringen.no at dei er svært fornøgd med det som føregjekk. Det vil ikkje verta oppretta ei einaste politisak etter det som skjedde. Dei rosar både publikum og arrangøren og dei samarbeidande etatane.

I tillegg til Festidalen sine egne frivillige vakter hadde arrangørane også i år leigd inn profesjonelle mannskap frå Pro Sec Security. Det vart gjort for første gong i fjor, og dette har vore svært vellukka. Det er også til svært god støtte for dei frivillige vaktene. I tillegg var det folk frå Kystvakta, frå Kvinnherad Røde Kors Hjelpekorps og ambulansfolk frå Helse Fonna på plass for å ivareta tryggleiken.

- Politiet registrerte ingen saker i samband med Festidalen i løpet av helga. Det var lite fyll, og trass i det dårlege vêret var folk i godt humør. Berre fire personar fekk pålegg om å forlata området av ulike årsaker i løpet av heile helga. Dei fire opprettheldt pålegget frå politiet, og det blir ikkje oppretta saker i etterkant, fortel politibetjent Håkon Tørvik til Kvinnheringen.

Politiet rosar vidare samarbeidet med dei ulike etatane i tillegg festivalleinga.

Dette og mykje anna godt stoff, og flotte biletsieriar, finn de på www.kvinnheringen.no.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Marius Mathisen